

Det kongelege kulturdepartement

Dato: 24.7.2012

Høyringsfråsegn til forslag om endringar i lov om stadnamn

Det kongelege kulturdepartement seier i forslaget til endring i lov om stadnamn "at det kan være hensiktsmessig å innføre ulike regler for fastsettelse av skrivemåten av bruksnavn og gårdsnavn", og at "en slik løysning vil legge til rette for en god balanse mellom eiers rett til å ha innvirkning på skrivemåten av navnet på egen eiendom og hensynet til å ivareta kulturarven". Departementet foreslår derfor endringar av § 6 og 8 i lov om stadnamn.

Institutt for språkvitskap ved Universitetet i Tromsø rår frå å innføre desse endringane med desse grunngevingane:

Mange av dei nedarva gards- og bruksnamna er svært gamle, og dei representerer ein felles kulturarv. Dei er blitt til i ein språkleg fellesskap, og ingen kjenner i dag til kven den første namngjevaren var. Det er ikkje rimeleg at eigarar av eigedommar med namn som har blitt til i tidlegare tider, aleine skal bestemme skrivemåten av enkeltnamn. Å fastsetje skrivemåten av eit nedarva gards- eller bruksnamn krev ofte spesialkompetanse i språkhistorie og stadnamnormering, og ein kan ikkje vente at folk flest skal ha slik kunnskap. For å trygge at stadnamnet blir teke vare på som kulturminne, jf. § 1 i lov om stadnamn, må skrivemåten bli fastsett av folk med fagkunnskapar om dette spesialfeltet. Det skriftlege uttrykket til eit namn treng vern mot å bli utsett for skiftande oppfatningar av kva som er rett skrivemåte hos skiftande grunneigarar gjennom tida. Eit døme på dette er *Heggsvoll* (nr. 38 i Stange kommune), her normert etter prinsippa i lov om stadnamn, dvs. å ta utgangspunkt i den nedarva lokale uttalen og normere etter gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Den nedarva lokale uttalen er /'hækksvøɫ/, jf. Rygh (1902). I dette tilfellet er forleddet identifisert som treslaget *hegg*, samansett med s-form etter uttalen, og etterleddet er terrengordet *voll m.* 'grasslette, engslette'. Namnet inneheld allment kjente ord i norsk, og ei normering etter dagens rettskriving gjev altså skrivemåten *Heggsvoll*. Men eit utval av tidlegare belagte skrivemåtar viser at namnet vil kunne variere mykje i skrift: Hexuoldt 1520, Hexeuoldt 1578, Hexeuold ca. 1600, Hexuold 1604, Hexvold 1669, Hæxvold 1723.

Dette er ikkje eit spesialtilfelle – snarare er det regelen - skrivemåtane i tidlegare tider har variert mykje, og dei er tilfeldige og varierer etter rettskrivingsprinsippa som rådde til ulike tider, og skriftkonvensjonane som den enkelte skrivaren praktiserte.

I eit moderne samfunn skal stadnamn også vere funksjonelle. Det er ikkje tvil om at éin fast skrivemåten er meir funksjonell enn varierende skrivemåtar. I ei tid der alt fleire orienterer seg ved hjelp av elektroniske kart og GPS, vil det vere vanskeleg å finne fram om skriftbiletet til eit namn ikkje er fast.

Vennleg helsing



Endre Mørck

instituttleiar